

Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 08.05.2025, 19:30

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2025-12

Til stades: Olga Slettebø Gilje (Leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (Sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem)

Forfall: Jarle Gilje (Medlem)

Protokollfører: Sverre Undheim

Olga kom rundt 20:30

Sakslista

Faste Saker

030/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

031/25 Aktivitetsdag Oltedal Kristi himmelfart

032/25 Evaluering Gudstenester påsken 2025

033/25 60-sone ved Dirdal kyrkje

034/25 Innspill til økonomi- og handlingsplan Gjesdal kyrkjelege fellesråd 2026-2029

Orienteringssaker

00018 Misjonsutval

00019 Nytt frå fellesråd

00020 Feire fårrikålsens dag i Oltedal kyrkje - "Mannekveld med fårrikål i Oltedal kyrkje"

Leif Hadland
Prest

Sverre Undheim
Sekretær

030/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	08.05.2025	030/25

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

031/25 Aktivitetsdag Oltedal Kristi himmelfart

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	08.05.2025	031/25

Forslag til vedtak

Soknerådet går for ansvarsfordelinga som stab foreslår, med fylgjande fordeling:

Grilling - sokneråd
Skaffar grill
Handlar inn grillmat og tilbehør
Vatn og saft
Koker kaffi
Handler inn pinneis (140stk)
Aktivitatar
Lykkehjul - sokneråd
Tautrekking/Konkurranse - stab (Øyvind)
Hesteskokasting - sokneråd
Hoppeslott - stab monterer (Sverre og Nils), sokneråd er vakt underveis
Promotering
Plakat ved kyrkjene og i bygdene - stab med hjelp frå sokneråd
Sosiale medier og nett - stab (Sverre)
Annonse i Gjesdalbuen - utvida informasjon i gudstenesteannonsen - Stab (Sverre)
Flyers i postkassar - stab, sokneråd, frivillige, Tur&drøs

Vedtak

Soknerådet går for ansvarsfordelinga som stab foreslår, med fylgjande fordeling:

Grilling - sokneråd
Skaffar grill - Ommund og Frank
Handlar inn grillmat og tilbehør - Svein
Vatn og saft
Koker kaffi - Bjørg
Handler inn pinneis (140stk) - Svein
Aktivitatar
Lykkehjul - Oddrunn og Olga
Tautrekking/Konkurranse - stab (Øyvind)
Hesteskokasting - Svein
Hoppeslott - stab monterer (Sverre og Nils), sokneråd er vakt underveis - Bjørg
Promotering
Plakat ved kyrkjene og i bygdene - stab med hjelp frå sokneråd
Sosiale medier og nett - stab (Sverre)
Annonse i Gjesdalbuen - utvida informasjon i gudstenesteannonsen - Stab (Sverre)
Flyers i postkassar - stab, sokneråd, frivillige, Tur&drøs

Resten av dei som har høve til å være med frå soknerådet rydder før og etter. Oppmøte 10:00.

032/25 Evaluering Gudstenester påsken 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	08.05.2025	032/25

Møtebehandling

Palmesundag

- Ikkje lurt å ha familiegudstenester med utdeling bøker i skuleferier. Stab føreslår å ha det 12. april i 2026.
- Neste år kunne me hatt gudsteneste i Dirdal kyrkje på kvelden 2. påskedag i staden for å ha gudsteneste på palmesundag.

Skjærtorsdag

- Veldig fin gudsteneste
- Lapskaus til kveldsmat, rester etter påskeverkstad. Fint med ein meir tradisjonel kveldsmat neste år, brødmat.
- Kanskje ha kveldsmaten *før* gudstenesten neste år? Folk hadde lyst til å gå heim etter avslutninga i gudsenesta, der ein rydder alteret.
- Greit med folk

Langfredag

- Godt med folk
- Fin form på gudstenesta - fungerte fint med Lukaspasjonen. Klokke Kristine las godt!

Påskedag

- Godt med folk
- God sang - fenomenalt! Kanskje bruke penger på musikarar neste år? Ein trompetist for eksempel.

Vedtak

Det har vore fine gudstenester i påsken, og med unntak av palmesundag har dei vore godt besøkte.

033/25 60-sone ved Dirdal kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	08.05.2025	033/25

Forslag til vedtak

Soknerådet søker til vegmyndigheitene om å få redusert fartsgrensa frå 80kmt til 60kmt forbi Dirdal kyrkje.

Vedtak

Soknerådet søkjer til vegmyndigheitene om å få redusert fartsgrensa frå 80kmt til 60kmt forbi Dirdal kyrkje.
Sokneprest fylgjer opp saka.

034/25 Innspill til økonomi- og handlingsplan Gjesdal kyrkjelege fellesråd 2026-2029

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	08.05.2025	034/25

Vedtak

Soknerådet har fylgjande innspel til fellesrådet sin plan for økonomi- og handlingsplan. Prioritert rekkefølge.

Drift:

- Fleire trådlause mikrofonar i Oltedal kyrkje (2026)

Investering:

- Male Gjesdal kyrkje (2026)
- Nytt golv, ny oppvaskmaskin og gjennomgang av utstyr og inventar i Oltedal kyrkje. Nokon av hyllene i skapa må forsterkas. Utover det duger det kjøkkenet me har. (2026)
- Nytt ringeanlegg i Dirdal kyrkje (2026)
- Skjermer til Gjesdal kyrkje (2026)
- Nytt piano Gjesdal kyrkje (2027)

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00018

00018 Misjonsutval

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00019

00019 Nytt frå fellesråd

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00020

00020 Feire fårikålens dag i Oltedal kyrkje - "Mannekveld med fårikål i Oltedal kyrkje"

Informasjon

Sokneprest Leif har lyst til å arrangere ein kveld for menn i Oltedal kyrkje. Ei feiring av Fårikålens dag 25. september. Soknerådet er med som medarrangør saman med Leif.